

**PROTOKOLL**  
**MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND**

<b>Møte:</b>	<b>5/2012</b>
<b>Tid:</b>	<b>Torsdag 14. juni kl. 12:45 – 19:00</b>
<b>Stad:</b>	<b>Statoil Mongstad, møterom, hovudleiren (rett vest for Mongstadhallen).</b>

**Til stades:**

<b>Ordfører:</b>	Jon Askeland, Kari Foseid Aakre (sak 30/12-33/12), Per Lerøy, Astrid Aarhus Byrknes, Karstein Totland, Hallvard Oppedal, Nils Marton Aadland, Knut Moe, Jarle Skeidsvoll (varaordfører Osterøy)
<b>Rådmenn:</b>	Øistein Søvik, Odd Ivar Øvregård, Øivind Olsnes, Ingvild Hjelmtveit, Martin Kulild, Svein Helge Hofslundsengen, Olav Mongstad
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit, Kari Evensen Natland (sak 30/12-34/12)
<b>Andre:</b>	Jon Hallstein Tjore (sak 33/12), Hogne Haugsdal (sak 33/12,34/12), Pål Kårbø og Helge Hopen (sak 35/12)
<b>Forfall:</b>	Kristin Handeland, Vidar Bråthen, Jan Olav Osen, Jarle Landås

<b>Sak 30/12</b>	<b>Godkjenning møteinnkalling og sakliste</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 31/12</b>	<b>Godkjenning møteprotokoll frå møte 4/2012</b> Møteprotokoll frå 4/2012 vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 32/12</b>	<b>Status oppfølgingssaker</b> Dagleg leiar la fram ein ny liste som viser status for oppfølgingssaker. Denne vart gjennomgått og vil vera fast punkt på saklista heretter.
<b>Sak 33/12</b>	<b>Orientering om Mongstad industriområde, økonomi og prosjekt. Omvising på anlegget</b> Informasjonssjef Jon Hallstein Tjore Rådet gav fyrst ei omvising på anlegget og deretter ei grundig orientering om situasjonen for Statoil Mongstad. Situasjonen ved raffineriet er alvorleg. Resultatet i 2011 ligg an til å bli verre enn i 2010. Noko av årsaken er at forverra rammevilkår frå staten og at skatter og avgifter har auka med 100 mill. i året. 500 millionar må kuttast i drift innan 2014. Statoil Mongstad treng drahjelp frå politikarar i denne situasjonen. Statoil Mongstad vil elles leggja stor vekt på godt samarbeid med både eksisterande – og nye aktørar i området.  <b>Vedtak:</b> Regionrådet beslutta å senda ein uttale til Regjeringa om rammevilkåra for raffineriet. Vedlagt ligg uttalen samt pressemelding dette.
<b>Sak 34/12</b>	<b>Strategisk samarbeid i Nordhordland om næring og utvikling.</b> Presentasjon ligg vedlagt.

	<p>Hogne Haugsdal, samfunnsutviklar og næringsssjef i Lindås og Austrheim presenterte tankar om regionale utfordringar i Nordhordland. Dette finn ein innan mange område, ikkje minst næringsstruktur, kompetanse, entreprenørskap og innovasjon, marknadsføring og profilering, infrastruktur – veg og busetnad og regional samhandling. Kommunane må bli meir proaktive i samfunnsutviklingsarbeidet og greia å tenkja proaktivt og strategisk. Det er og viktig å skryta meir av regionen, ikkje berre snakka om alt som kunne vore betre. Det er vidare viktig at Knarvik vert flagga som eit regionsenter. Det var einigheit i rådet om tankane til Hogne.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet beslutta å relatera denne saka til pågåande sak i Nærings- og samferdsleutvalet der Regionrådet og NHIL ser på samarbeidsformer.</p>
<b>Sak 35/12</b>	<p><b>Status «Nordhordlandspakken – E39 Bergen – Nordhordland»</b> Pål Kårbø og Helge Hopen orienterte om status i arbeidet med «Nordhordlandspakken – E39 Bergen – Nordhordland». Bl.a. kostnader for ulike delar av prosjektet. Det er viktig i alle samanhengar, å få fram at dette prosjektet samfunnsøkonomisk er blant dei mest lønsame i landet. Planprogrammet skal handsamast i byrådet i nær framtid. Regulering i spesielt Åsane (området Åsane senter) er omfattande og ein er del av byutvikling for Åsane. Det er bl.a. diskusjon om storleik på lokk over E16 som skal binda saman området og evt. nyttast til kollektivløysingar.</p> <p>Det vart påpeika frå Regionrådet at aktørar i Bergen må gå inn og ta kostnader i Åsane slik at ikkje alle kostnader blir velta over på NH-pakken. Andre spørsmål var:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Går det an å koma i gong i Nordhordland sjølv om ikkje alt er avklara i Åsane? Svaret var då at ein gjerne må inn med garantiar og pengar på bordet.</li> <li>▪ Kor lenge toler NH-pakken fleire utsetjingar?</li> <li>▪ Ein er bekymra for at prioriteringa av NH-pakken vert dytta nedover!</li> <li>▪ Tek ein nok høgde for framtidig vekst i Bergensregionen?</li> </ul> <p>Regionrådet takka for orienteringa og bad om at styret tek med seg innspela i det vidare arbeidet med NH-pakken.</p>
<b>Sak 36/12</b>	<p><b>Høyring RTP.</b> Forslag til høyringsuttale frå Region Nordhordland vart lagt fram.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet sender høyringa med dei endringar som kom fram i møtet, og ber om at kommunane sluttar seg til høyringsuttalen frå Regionrådet.</p>
<b>Sak 37/12</b>	<p><b>Biosfæreprosjektet og samarbeidsavtalen. Veggen vidare?</b> Arbeidet med å slutføra avtalen med UIB samt å laga ein finansieringsplan er ikkje fullført.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet beslutta at kulturutvalet jobbar vidare med saka – og at dermed arbeidsgruppa som vart nedsett for å jobba med Biosfære-prosjektet vert nedlagt. Regionrådet ber om at Kulturutvalet tek kontakt med andre interessentar, og legg fram eit forprosjekt som inneheldt finansieringsplan samt fordeler og ulemper m.v. med prosjektet. Vidare å slutføra arbeidet med UIB.</p>
<b>Sak 38/12</b>	<p><b>K-fondstyret</b> Søknad frå PSW Group AS om støtte til å byggja eit prøveboretårn og eit Subsea kompetanse senter.</p> <p><b>Vedtak:</b> K-fondet løyver kr. 500 000,- til prosjektet. Regionrådet lagar ei pressemelding om dette.</p>

<p><b>Sak 39/12</b></p>	<p><b>Forankring - prosess og gjennomføring av helsehus i Nordhordland</b> Regionrådet tok orienteringa til etterretning.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet sluttar seg til framdriftsplanen.</p>
<p><b>Sak 40/12</b></p>	<p><b>Oppnemning av styremedlem til Tverrsambandet og kapitalutviding</b> Meland har føreslått Sigmund Larsen til styret i Tverrsambandet med Ragnar Bratland som vara. Radøy har føreslått John Bauge med Jon Askeland som vara.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet sluttar seg til framlegget frå Meland og Radøy og oppnemner Sigmund Larsen og John Bauge til styret i Tverrsambandet med Ragnar Bratland og Jon Askeland som vara.</p> <p><b>Kapitalutviding:</b> Regionrådet kjem tilbake til saka, men varslar at ein nyttar midlar frå K-fondet.</p>
<p><b>Sak 41/12</b></p>	<p><b>Statusrapport frå helseutvalet og nærings-/ samferdsle- / kulturutvalet</b> Leiarane orienterte kort om status for utvala.</p>
<p><b>Sak 42/12</b></p>	<p><b>Meldingar og eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <b>«Arena Nordhordland» 30. mai.</b></li> <li>▪ <b>Regionrådet og NHIL</b> (Viser til vedlegg som fylgde innkallinga)</li> <li>▪ <b>Skulebruksplanen og konsekvensar for vidaregåande i Region Nordhordland</b> Dette vert ei særdeles viktig sak på neste møte.</li> <li>▪ <b>Avvikling av Reiselivslaget</b> Det vert sak på neste møte.</li> <li>▪ <b>Kommunestrukturprosjektet, status</b> Fylkesmannen / KRD har bedt om å få sendt over kommunestyrevedtak frå kommunane. Dagleg leiar purrar.</li> <li>▪ <b>Bestillingar for 2013</b> Leiar oppfordra om å koma med innspel til rammer til NUI for 2013.</li> <li>▪ <b>Møtekalender haust</b> Dagleg leiar lagar eit forslag. Når det gjeld 2013, ønskjer Regionrådet at det vert sett av ei fast veke i månaden til regionale møte. Dagleg leiar og rådmennene får i oppdrag å koma med forslag.</li> <li>▪ <b>Styrerepresentasjon i Nordhordlandspakken AS</b> Hordaland fylkeskommune og Regionrådet har innstilt menn, noko som ikkje går opp i forhold til kjønnsbalansen. Enten må NUI oppnemna to kvinner, eller så må saka sendast tilbake til fylkeskommunen og Bergen kommune. Det vart avklart i møtet at NHIL skulle koma opp med ei kvinne, og etter litt diskusjon bestemt at NUI oppnemner ei kvinne.</li> </ul> <p><b>Vedtak.</b> NUI oppnemner Astrid Aarhus Byrknes til styret med Ole Lysø som vara.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <b>Endring eigedomsskatt verk og bruk.</b> Astrid orienterte om varsla inntektsendring av verk og bruk som vart gjort i arbeidet med statsbudsjettet. Prosessane har vore veldig dårleg i forhold til kommunane, noko ein har gjeve tydeleg melding om. Dette berører over 300</li> </ul>

	<p>kommunar i landet og mange av desse jobbar no tett om saka - og har etter kvart fått KS med. Det er tverrpolitisk einigheit i kommunane, men ikkje sentralt. Finansministeren har sagt det skal koma ei høyring på saka, men denne er enno ikkje kome. Endring er varsla før ferien, men det er usikkert. Dette er ei særdeles viktig sak for kommunane framover. Skulle det koma høyring, må kommunane samla seg.</p>
--	---

Knarvik 20. juni 2012

Jon Askeland  
Leiar Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit  
Dagleg leiar NUI

**Vedlegg:**

Sak 34/12: Strategisk samarbeid i Nordhordland om næring og utvikling